

Høyring av søknad om å få byggje Gjelet kraftverk i Storelvi i Jondal kommune i Hordaland

NVE har motteke ein søknad frå Jona Kraft AS, datert 12.11.2018, om løyve til bygging av Gjelet kraftverk i Jondal kommune . Søknaden skal handsamast etter vannressurslova.

Her finn du søknaden

Søknaden med vedlegg blir lagt ut på NVE si [nettside](#).

Om du ynskjer ei papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Njål Selsvik på tlf. 971 78 436 eller e-post: njaalselsvik@yahoo.no.

Vi ber om at Jondal kommune legg ut to eksemplar av søknaden til offentleg ettersyn på kommunehuset i Jondal kommune fram til **21.06.2019**. Det er mogleg å låne det eine eksemplaret av søknaden i 2-3 dagar. Det andre eksemplaret må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Høyringa

Hensikta med høyringa er å få inn synspunkt på planane som er presentert i søknaden. Alle som ynskjer kan uttale seg til saka.

NVE ynskjer synspunkt om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ynskjer også underbygde forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføring av prosjektet.

Fråsegna vil bli publisert på saka si nettside og heile eller delar av fråsegn vil bli referert til i vedtaket. Vi ber om at det blir laga eit samandrag som ein kan bruke til dette.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

21.06.2019

Slik sender du inn eit høyringsfråsegn

Det er fint om du sender inn fråsegna elektronisk. For å gjera dette kan du gå inn på saka si heimeside via www.nve.no/konsesjonssaker eller sende e-post til nve@nve.no. Du kan også sende fråsegna som brev til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Med helsing

Joachim Kjelstrup | overingeniør

NVE | Konsesjonsavdelingen | Seksjon for ny vannkraft

22 95 91 47 | 917 10 966